

Gode sambygdingar

I dag er det 10 år sidan 22. juli vart eit omgrep i vår historie – det verste terroråttaket mot vår nasjon sidan invasjonen 9. april 1945.

22. april 2011 vart ei bombe detonert i regjeringskvartalet før ei masseskyting fann stad same ettermiddag på AUF-leiren på Utøya – med i alt 77 døde og 42 hardt skadde. Mange fleire vart traumatisert og merka for livet.

Men denne gongen var det ikkje ein fiende utanfrå som ville ta over landet vårt.

Bak desse grufulle handlingane stod ein nordmann - Anders Behring Breivik - med eit tankegods og hat mot annleis tenkjande enn han sjølv som er vanskeleg å fatta. Eit tankegods fleire diverre deler med han. Angrepa var eit forsvar mot eit politisk styrt og hemmeleg “multikulturelt prosjekt” han skulda Arbeidarpartiet for, og han måtte difor ta deira framtidige leiarar i AUF.

I sin tale til folket etter terroråttaket som rysta heile nasjonen 22. juli tok statsminister Jens Stoltenberg til orde for at me aldri vil gje opp våre verdiar.

- Vårt opne samfunn vil bestå også denne prøva. Svaret på vald er meir demokrati – endå meir humanitet – men aldri naivitet.

Særleg ungdommen – håpet for framtida – vart råka denne julidagen for 10 år sidan. Det skapte frykt og tvil hjå mange. Bømlø kommune vart ikkje direkte råka av desse angrepa – men som statsministeren også påpeika er me ein liten men samla nasjon. Bømlingane stilte opp i tusental for å delta i rosetoget få dagar etter åttaket.

I dag er det ikkje lov å gløyma kor viktig det er å forsvara og halde høgt våre grunnleggjande verdiar om menneskeverd, likeverd, fridom og tryggleik. Ytringsfridomen må me forsvara sjølv om me ikkje alltid liker det som vert ytra – men då må me ta til motmæle. Me må ha respekt for kvarandre og oss sjølve.

Breivik oppga høgreekstremer og islamfiendtelege politiske motiver for terrorhandlingane sine. Tankegodset og haldningane hans - ekstremisme, rasisme og hat - er diverre også sterkt gjeldande i dag.

Me må difor aldri bli tause eller likesæle ovanfor dette – me må stå opp for det som gjer oss gode.

Me vaksne må vere gode døme for våre born og unge – våre ord, handlingar og haldningar avspeglar seg hjå dei.

Me støttar heilhjarta opp om parolen til 22. juli-markeringa – Me gløymer aldri!